

Arkivnr.: 2015/2774

Prosjekt: LA OSS TA DEN BLÅ HIMMELEN MED STORM

## **SØKNAD OM PROSJEKT- OG TURNESTØTTE TIL FRAMSYNING MED NY LYRIKK OG NYKOMPONERT MUSIKK**

Vi vil skapa ei framsyning på omlag 60 minuttar med nye dikt og nykomponert musikk på hardingfele, der miljøkamp og konflikter mellom individ, samfunn og natur står i sentrum.

Tekstane er henta frå diktsamlinga LA OSS TA DEN BLÅ HIMMELEN MED STORM (CappelenDamm 2015). Forfattaren Odveig Klyve framfører dikta i dialog med musikk av Erlend Apneseth som er komponist og musikar.

Vi ynskjer å skapa eit heilstøypt program der musikk og poesi blir formidla i ei utradisjonell form. Temaet i dikta er konflikten mellom individ, natur og samfunn, om teknologisk og kommersiell utnytting av urørt natur og gamle kulturlandskap eksemplifisert gjennom prosessen med utbyggjinga av monsternastene i Hardanger.

Musikken blir komponert og framført på hardingfele, der tradisjonsmusikken og utradisjonell musikk laga på eit tradisjonsinstrument, vil skapa ein sterkt musikalsk dialog.  
Musikken vil ta utgangspunkt i tekstane som innhald og som rytme, og byggja dette vidare til konkrete låtar og til meir abstrakte idear som klangbilder eller alternative teknikkar- med hardingfela og folkemusikken som basis.

Fleire av dikta er forma som skulpturar (figurdikt) og dette kjem også komponisten til å prøva å føra over til musikken, og slik avspeglar korleis det estetiske og det etiske er samanvevd i dette temaet som er utgangspunkt for å skapa eit kunstverk av tekst og musikk.

Dikta som er utgangspunkt for framsyninga er omtalt slik:  
*"La oss ta den blå himmelen med storm* er en svært aktuell diktsamling: klok, skarp, men også var og sanselig, og behandler den kanskje viktigste kampen menneskeheten står overfor.  
I en tid hvor lønnsomhet stadig truer forvaltningen av naturen, er økt bevissthet viktigere enn noen gang."

Både i Hordaland, Rogaland og vidare oppover vestlandet er utbyggjing av store kraftlinjer gjennom gamle kulturlandskap og urørt natur aktuelle tema. Denne framsyninga ynskjer å vera eit bidrag til ein vidare refleksjon omkring dette. Kva ligg til grunn for dei vala vi gjer i desse sakene? Korleis kan vi formulera oss omkring dette? Kva er sagt og kva er enno ikkje sagt? Kan poesi og musikk vera stemmer som har noko å seia omkring noko så handfast som store elektriske installasjonar?

Vi meiner at nettopp poesi og musikk har noko svært viktig å bidra med her, for å formulera mennesket sin relasjon til naturen, ein dialog som lettare kan finna ei stemme i dette uttrykket.

Vi har hittil avtale om to framføringer på på litteraturfestivalen Haugedagane i Ulvik i Hardanger hausten 2016 og på Kverulantkatedralen i Stavanger våren 2016. Vi planlegg vidare å leggja opp til ein turne der vi m.a. tilbyd programmet til lokale mållag i Hordaland og Rogaland. Her finst mange lokallag, og mållaga er etter røynsle gode arrangørar for opne program med miljøproblematikk, litteratur og musikk i denne sjangeren. Men desse laga har ikkje god økonomi, så her kalkulerer vi med små honorar, der arrangøren og tek lite inngangspengar. Det vil seia at desse arrangementa har lita inntening både for arrangør og aktørarar. Vi ynskjer likevel å formidla dette programmet ute i distrikta på denne måten.

Vi søker altså om ein sum på 30 000 kr til utvikling og framføring av dette programmet. I Hordaland vil dette omfatta minst 5 framføringer i Bergen, Os, Kvam, Ulvik, og Odda

Erlend Apneseth

komonist/musikar



Odveig Klyve

forfattar/produsent